



Vang kommune

Fylkesmannen i Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer

Dykker ref.: **Vår ref.:** Arkiv: **Vår dato:**
LAJMAG -19/489 -21 2019001, L12 29.09.2020

Fylkesmannen i Innlandet: Oppmoding om trekk av motsegn - Reguleringsplan for Klukkargrende

Syner til brev frå Fylkesmannen i Innlandet av dato 14.08.2020 der fylkesmannen gjev høyringsmerknad og fremmar motsegn til reguleringsplan for Klukkargrende.

Motsegnet er gjeve med utgangspunkt i *Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn i planlegging* og dreiar seg om manglande utgreiing av trafikktryggleik for barn og unge, og korleis trafikktryggleiken for barn og unge skal sikrast i planen.

Saksbehandlar vil i dette brevet greie ut trafikktilhøva for barn og unge i reguleringsplanen for Klukkargrende, og oppmodar fylkesmannen til å trekke motsegnet med bakgrunn i det som kjem fram av dette brevet. Øvrige merknader frå fylkesmannen vil bli vurdert i merkadsrapporten.

Føremålet med planen er å legge til rette for eit bustadområde med åtte tomter som mellom anna rettar seg mot barnefamiliar som målgruppe. Det er viktig å presisere at det på 3-4 av desse tomtene er planlagt mindre bueiningar/småhus som rettar seg meir mot einslige og/eller godt vaksne.

I arbeidet med planen har det vorte vurdert ulike løysingar for gang- og sykkeltrasé frå planområdet til skule og sentrum, og ein har landa på at løysinga med å fylgje Klukkargardsvegen og Burmavegen samla sett er den beste løysinga. Mellom anna då:

- Vegane er kommunale og blir godt og jamleg vedlikehalde heile året gjennom
- Vegane har ingen utfordringar med stigningstilhøve, har gode sikttillhøve og god breidde som reduserer konfliktane mellom gåande, syklande og anna trafikk til eit minimum
- Vegane har fartsgrense på 50 km/t og er generelt lite trafikkert:
 - Klukkargardsvegen er tilkomstveg for dei p.t. åtte eksisterande bueiningane langs vegen og har minimalt med gjennomfartstrafikk
 - Burmavegen har noko meir trafikk då den på om lag halve strekninga tener som tilkomstvegen til deler av Ellingbøvegen, og den resterande strekninga og tener som tilkomstveg til stølsvegen Helinvegen. Sistnemnde har ein del trafikk i helger og ferier grunna trafikk til hytter med tilkomst frå Helinvegen, men lite av denne trafikken

føregår på kvardagar og tidspunkt der det kan oppstå konfliktar med den største mengda av gåande og syklande

Desse vegane har til orientering fungert godt som skulevegar for både gåande og syklande i lang tid.

Fylkesmannen peikar i sitt motsegn på at den private gardsvegen som høyrer til Bø-gardane vil vera ein naturleg trasé å fylgje for mjuke trafikantar. Det er rett at dette vil vera ein snarveg, men den reduserte avstanden til skule og sentrum vil ikkje bli meir enn 200 meter basert på at ein fylgjer vegen frå planområdet opp til Klukkargardsvegen, og deretter går/syklar den private gardsvegen ned til gangvegen ved E16.

Det er ikkje mogleg å etablere ein fullverdig gang- og sykkelveg direkte frå planområdet og vestover mot den private gardsvegen grunna stigningstilhøva, utfordrande grunntilhøve med dyrka mark, berg i dagen og kryssing av bekk mellom planområdet og gardsvegen.

Saksbehandlar meiner den private gardsvegen ikkje er eit eigna alternativ som heilårleg, primær gang- og sykkelveg frå Klukkargrenda til skule og sentrum grunna fylgjande:

- Vegen er smal og manglar gode møteplassar for harde og mjuke trafikkantar. Sjølv om vegen har lite trafikk blir utfordingane med møtande trafikk vurdert til å vera større her enn på dei kommunale vegane
- Den øvre delen av vegen er bratt og blir p.t. ikkje vinterbrøytt. I *Vangsklima* med ein del mildvær i vinterhalvåret kan denne vegen bli utfordrande å halde open og trygg for mjuke trafikkantar. Dette inneber ikkje berre utfordingar med tanke på framkommeleghet og tryggleik for barn og unge, men også for evt. bebuarar med funksjonsnedsetting.

I sum talar dette for at dei kommunale vegane samla sett er den beste, tryggaste og mest føreseielege løysinga, sjølv som den private gardsvegen kan bli ein attraktiv snar- og turveg for bebuarane i Klukkargardsvegen dei deler av året vegen er farbar og trygg – slik den allereie er for fleire turgårar og bebuarar i nabolaget. Det er i alle si interesse å syte for at slik bruk kan vera mogleg og for framtidige bebuarar i Klukkargrenda utan at dette skal vera til ulempe for eigarane av vegen, men det vil ikkje vera føremålstenleg å nytte gardsvegen som permanent gang- og sykkelveg for Klukkargrenda og omkringliggjande bustader.

Med dette meiner saksbehandlar at grunnlaget for motsegnet frå FM er greia ut på ein tilstrekkeleg måte og oppmodar fylkesmannen til å trekke motsegnet.

Det er eit ynskje om å få reguleringsplanen for Klukkargrenda opp til sluttbehandling 13.10.20. Skrivefristen er sett til 06.10.20. og saksbehandlar ber om ei attendemelding på dette brevet innan denne dato dersom det er mogleg.

Med helsing

Magnus Lajord
Arealplanleggjar
Dir. tlf.: 61369484
E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Innlandet Guri Rudi
Fylkesmannen i Innlandet Runa Bø